



Statens vegvesen

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

| | | | | |
|------------------------------------|--|------------------------------|---------------------------------------|-------------------------|
| Behandlende eining: Region vest | Sakshandsamar/telefon: Marianne Skulstad / 55516253 | Vår referanse: 17/52708-2 | Dykkar referanse: 15/581 – 17/6905 | Vår dato: 24.05.2017 |
|------------------------------------|--|------------------------------|---------------------------------------|-------------------------|

Offentleg ettersyn, utviding av plangrense og revisjon av planprogram – Områdeplan for Midtmarka og Rotemyra – Flatøy i Meland kommune

Vi viser til varsel om utvida plangrense og revisjon av planprogram for Områdeplan for Midtmarka og Rotemyra på Flatøy i Meland kommune, motteke 05.04.2017.

Plangrensa er foreslått utvida med to delområder, på bakgrunn av endra føresetnader for planarbeidet. Område A, i sør, er tatt med for å opne for veggtilkomst til området frå dagens kryss på Flatøy. Område B, i vest, er knytt til betre tilhøve for friluftsliv og utbetra turveger.

Planprogrammet er oppdatert med naudsynte endringar i samband med den endra plangrensa, og nye krav til konsekvensutgreiling.

Om kommunedelplan for E39 Flatøy – Eikefettunnelen (KDP)

Statens vegvesen har starta planarbeid med kommunedelplan for E39 frå Flatøy til Eikefettunnelen. Dette planarbeidet er i ei tidleg planfase, med mål om godkjent plan i 2019.

E39 er ei overordna hovudveg, med viktig nasjonal, regional og lokal funksjon. Statens vegvesen er difor opptatt av at vegens transportfunksjon og trafikktryggleik vert ivaretatt. Tal på kryss og utforming av kryss er avgjerande for å få dette til.

Det er utfordrande når to store planprosesser, med til dels overlappende planområde, går parallelt men med tidvis ulik framdrift. Det vil vere avgjerande med eit god samarbeid, og det kan vise seg naudsynt fleire utgreiingar for å sikre at alle tilhøve er handtert.

Merknader til utviding av plangrensa

Statens vegvesen er opptatt av at trafikkløysinga som vert regulert i områdereguleringsplanen for Midtmarka og Rotemyra er fleksibel, og kan ivareta fleire utbyggingstrinn både når det gjeld E39 og utviklinga i Midtmarka/Rotemyra.

Statens vegvesen er positiv til at planområdet blir utvida med område A. På den måten kan ein ivareta tilkomst til området for et mindre tal eininger før ny E39 og kryssløysing i nord er bygd. Det må ligge ei trafikkvurdering til grunn for val av ei slik løysing, for å sikre at krysset i sør toler den auka trafikken.

Statens vegvesen har ingen merknader til at område B tas med i planområdet.

Merknader til endringar i planprogrammet

- Endring i kap. 1. Mål for arbeidet:
I den føreslalte endringa har ein fjerna punktet som omhandlar tilkopling mellom planområdet og E39. Etter vårt syn bør planprogrammet ha eit mål som omhandlar tilkopling til E39 i ulike planfasar, sjølv om ein ikkje skal regulere 2-planskrysset i første trinn.
- Endring i kap. 3.2 Avgrensing:
Statens vegvesen legg til grunn at planlegging av lokalvegsystemet ikkje skal inngå i kommunedelplan for E39, men avklarast i samband med detaljplanlegginga på Flatøy.
- Endring i kapittel 5.9 Andre viktige rammer for planarbeidet:
 - Ny E39: Statens vegvesen gjer merksam på at planprogrammet for KDP omtaler planlagde utgreiingar. Det kan verte trond for fleire utgreiingar og andre løysingar enn det som er omtalt i planprogrammet. Dette bør òg gå fram av planprogram for Midtmarka–Rotemyra.
 - Trinnvis utbygging: Statens vegvesen har i møter vore tydeleg på at kapasiteten i eksisterande kryss på E39 må vurderast før ein kan tillate auka trafikk i desse. Dette må òg vere førande for storleik på utbyggingstrinna. Dette bør synleggjera i dette punktet.
- Endring i kapittel 7.8 Trafikk og parkering:
Statens vegvesen har ingen merknad til framlegg til tillegg. Vi ber om at ein òg legg til at kapasiteten i eksisterande kryss på E39 skal bereknast.
- Endring i tabell om utgreiingstema:
Statens vegvesen har ingen merknad til tillegget.
- Nytt kapittel 7.11 Landbruk:
Statens vegvesen har ingen merknad til tillegget.

Vi ber om at våre merknader vert innarbeidd i planprogrammet.

Vi ser fram til eit framleis godt samarbeid i planarbeidet.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Marianne Skulstad
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN